



Ein flott gjeng klar til første trening.

Det var svært godt frammøte då skigruppa starta med fellestreningar framfor langrennssesongen i kveld. Heile 29 unge langrennstalent møtte opp. I tillegg veit ein at nokre var opptatt på andre felt akkurat denne kvelden. Dette lovar svært godt for langrennsaktiviteten både den komande sesongen og dei neste åra.



Dei yngste mottar instruksar frå trenarane Arvid Hjelmeland og Johannes Hjørnevåg

Treninga er frå 3. klasse og oppover, og dei vert delt i 3 treningsgrupper etter alder. 3. - 5.klasse er yngste gruppa. Neste gruppe er 6.-8.klasse, og så utgjer dei som er eldre ei treningsgruppe. Dei to yngste gruppene hadde første delen utandørs med hovudvekt på kondisjon. Eldste gruppa starta inne i hallen med styrketrening. Siste del av treningsøkta var alle samla inne i hallen til ballspel.

Skigruppa er svært så veldriven, og dei er heldige og har eit svært så velkvalifisert trenarteam som i år består av 7 trenarar. Det er Pål Haugland, Arvid Hjelmeland, Johannes Hjørnevåg, Steinar Haugland, Bjørn O. Tveit, Oddmund Soldal og Stig Berge Soldal. 4 av desse leia treningane i kveld. I tillegg er det svært mange positive og gode hjelparar i foreldregruppa.

Veldig kjekt var det å registrera at det var 2 deltakarar frå Herøysundet på treninga. Håpet er at det kan koma fleire frå den kanten.

Framover mot sesongen på snø vil det vera treningar for alle kvar mandag frå kl.17.30 til 19. Oppmøteplass er utanfor aktivitetshuset. I tillegg har dei eldste både gruppetreningar og individuelle treningsøukter.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland